



Kommunar i Hordaland

Dato: 03.06.2014  
Vår ref.: 2014/14648-28  
Saksbehandlar: maraskv  
Dykkar ref.:

## Den kulturelle spaserstokken

Fylkeskommunane har frå 2014 fått i oppdrag frå Kulturdepartementet om å overta handsaming av søknader og fordeling av midlar til Den kulturelle spaserstokken. Din kommune blir med dette invitert til å søkje Hordaland fylkeskommune om midlar til gjennomføring av kulturtiltak for eldre.

### Kulturtilbod til eldre

Den kulturelle spaserstokken er ei nasjonal kultursatsing som har som mål å sørge for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre, la gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt bli utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk, og leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren.

Den kulturelle spaserstokken er ei tilskotsordning for kommunesektoren øymerka kultur for eldre. Midlane skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, etter modell frå Den kulturelle skolesekken, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.

Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering. Det blir ikkje gitt tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling.

### Søknad og handsaming i 2014

Det er kommunane som har høve til å søkje om midlar til ordninga. Tiltaka som får støtte skal vere gjennomførde innan 31. desember 2015.

Den kulturelle spaserstokken blir finansiert av Helse- og Omsorgsdepartementet og Kulturdepartementet i fellesskap. Kulturdepartementet sin del blir finansiert av spelemiddeloverskotet. For 2014 er det avsett til saman 2 450 000 kroner til Hordaland.

Frist for å sende inn søknad i 2014 er 1.september. Søknadsskjema ligg ute på

<http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/>.

Tilskotsordninga vert behandla politisk i Kultur- og ressursutvalet.

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar  
Utviklingssjef/Seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*